



15 DES 2016

**Hordaland fylkeskommune**

Postboks 7900

5020 BERGEN



Saksbehandlar  
**Sigbjørn Øye**

Tlf. direkte innval  
**91531482**

Vår ref.  
**2015/3247-31**

Dykkar ref.  
Bente Utne

Dato  
13.12.2016

## **Søknad om forskotering til fylkesvegprosjekt i Kvinnherad gjennom framtidig "Kvinnheradpakke"**

Kvinnherad kommunestyre har den 22.09.2016 vedtatt sak om «Prioritering av prosjekt i Kvinnheradpakken». I dette ligg m.a. godkjenning av prioriteringsliste for ulike prosjekt i pakken, og at Statens vegvesen utarbeider bompengesøknad for innkrevjing av bompengar på ferjene til/i kommunen. Etter vedtak i kommunen skal bompengesøknaden fram for fylkestinget, eventuell KS2 og vedtak i Stortinget.

I vedtaket punkt 4 er følgjande «strakstiltak» som gjeld fylkesveg nemnt: «Lundssvingane», «Hellandskryssset» og «Rosendal kollektivknutepunkt». Kommunestyret ønskjer at Lundssvingane får oppstart seinast våren 2017, og at Rosendal kollektivknutepunkt vert realisert i løpet av 2017.

Når det gjeld Fv 48 Hellandskryssset er dette prosjektet foreslått starta opp i 2017 i Hordaland fylkeskommune sitt budsjettframlegg, med finansiering gjennom kompensasjonsmidlar, og HFK/SVV som byggherre.

Kvinnherad kommune har avgjort å ta på seg byggherreansvaret for snarleg realisering for «Lundssvingane» og «Rosendal kollektivknutepunkt». Prosjekta treng mellombels finansiering fram til «Kvinnheradpakken» er vedteken og bompengeselskapet har midlar.

Kvinnherad kommune søker med dette om å få forskottera desse prosjekta gjennom den framtidige «Kvinnheradpakken»:

### **Rosendal kai/kollektivknutepunkt**

#### *Bakgrunn*

Kvinnherad kommune var i 2008 valt ut som ein av kommunane som deltok i det såkalla BLEST-prosjektet. Kommunen blei tildelt 1 mill. kroner som blei brukt til å gjennomføra ein arkitektkonkurranse for utvikling av nedre del av Rosendal sentrum og sjøfronten frå elva og fram til småbåthamna. I etterkant av konkurransen vart det peika ut fleire delprosjekt der dei viktigaste var:

- Ny snøggbåtkai
- Folgefonnsenteret med uteareal
- Trafikkterminal buss

## Side 2

Som oppfølging av dette blei det utarbeidd reguleringsplan som tek høgde for desse delprosjekta. Snøggbåtkaia er bygd og Folgefonnsenteret med tilliggjande område og sjøfront blir ferdigstilt våren 2017.

Det er fleire grunneigarar i området. Det har vore ført forhandlingar om grunnavståing utan at dette har ført fram. Kommunestyret har vedteke oreigning og søkt førehandstiltrede til arealet. Arealet er regulert til formålet.

Ved etablering av bussterminalen vil heile området framstå som komplett, og vera ein attraktiv innfallsport til Rosendal både til lands og frå sjøsida.

### *Behov*

I dag er det to bussar som korresponderer med snøggbåten frå/til Bergen, mot Odda og Husnes. Det er berre oppstillingsplass for ein, den andre stiller opp i til dels trafikkert område. I tillegg er det stor trafikk av privatbilar som hentar og bringar. Dette fører til uoversiktlege tilhøve der farlege situasjonar kan oppstå. Det er heller ikkje høve for bussar å snu i området, det næraste er busslomme ved Malmanger skule, ca 1 km unna.

Prosjektet omfattar opparbeiding av snulomme med to bussoppstillingsplassar og 10 parkeringsplassar for taxi og «Kiss & ride».

For å oppnå nok areal er det nødvendig å fylla ut i sjøen, og i samband med det vil det bli etablert ny sjøfront frå noverande snøggbåtkai mot småbåthamna, ca 60 m.

I tilknytning til kollektivknutepunktet vil det bli etablert eit terminalbygg på ca 100 m<sup>2</sup>. Bygget er tenkt å innehalda venteareal, oppbevaring, toalett og lager for snøggbåtoperatøren. Det er og ønskje om ein enkel kiosk.

Området er ein sentral del av Rosendal og er ein mykje nytta opphaldsplass både for fastbuande og tilreisande. Ein ynskjer difor at det blir lagt ned gode kvalitetar i form av gatebelegg, grøntstruktur og møblering.

### *Effekt*

Kollektivterminalen vil gje ein smidig overgang buss/båt for dei reisande. Dei ulike trafikkantgruppene vil bli skilt, og dette vil gje ein mykje tryggare trafikksituasjon enn i dag, spesielt for mjuke trafikantar.

Prosjektet vil føra til at denne delen av Rosendal sentrum vil framstå som «ferdig». Området vil bli det mest sentrale og attraktive offentlege rom i Rosendal, med nærleik til Folgefonnsenteret, småbåthamna og andre aktivitetar.

### *Kostnad*

Det er utarbeidd eit grovt kostnadsoverslag på grunnlag av planskisse utarbeidd av Rambøll AS på oppdrag frå Skyss. Kostnadsoverslaget er utarbeidd av prosjektavdelinga i Kvinnherad kommune på grunnlag av erfaringstal frå liknande anlegg.

Det er rekna med ein del masseutskifting og delvis heving av arealet. Fylling i sjø er tenkt avslutta med mur/plastring i naturstein. Opparbeiding av sjøfront med bryggje er tenkt i eit seinare byggetrin.

Ein føreset å nytta disponible sprengsteinsmassar frå veganlegget i «Lundsneset» for masseutskifting og fylling. For trafikkareal er rekna med asfalt, medan gangareal, rabattar etc. får betongbeleggstein, kantstein i granitt.

Det er og lagt inn kostnad til belysning og grøntstruktur. Terminalbygget er kalkulert ut frå ca 100 m<sup>2</sup> med enkel standard og god materialkvalitet.

Kostnad:

Kjøp av grunn	Kr. 2 000 000
Opparbeiding av infrastruktur	Kr. 9 500 000
Terminalbygg	Kr. 2 500 000
Samla prosjektkostnad eks. mva	<b><u>Kr 14 000 000</u></b>

*Framdrift*

Utarbeiding av anbudsprosjekt vil bli gjort i løpet av vinteren og ein reknar med at arbeidet blir kontrahert til sommarferien 2017. Ferdigstilling av infrastruktur, busslomme, P-plassar mm. innan utgangen av 2017. Terminalbygg og parkmessig opparbeiding ferdig sommar 2018.

**Fv. 48 - Lundssvingane***Prosjektomtale*

Prosjektet omfattar omlegging og utbetring av dagens Fv. 48 gjennom «Lundsneset», samt bygging av gang og sykkelveg. Vegen skal leggjast dels i ny trasse og dels følgja eksisterande veglinje i nord og total lengd vert 700 meter inkludert tilpassing. Eksisterande veg er svært svingete og smal, og framstår som svært trafikkfarleg.

Ny fylkesveg vert bygd etter kriteria for H1 veg med kjørefeltbreidde på 3,0 meter, samt tilhøyrande gang og sykkelveg på 3,0 meter. I tillegg skal det etablerast to nye busslommer etter dagens standardkrav samt veglys.

Eksisterande trasse av fylkesvegen rundt Lundsneset er regulert som tilkomstveg til bustadfelt og naust/friområde med avkjørsle i sør. Ein del private avkjørsler vert også samla og lagt om i prosjektet.

Tiltaket har vore planlagt i lengre tid og vert gjennomført etter godkjent reguleringsplan vedteken 2010 samt byggeplan utarbeida av Norconsult As på vegne av Kvinnherad kommune i 2016.

*Kostnad*

Statens vegvesen gjennomførde i 2008 anslag på bakgrunn av reguleringsplan og kalkulerte då med ein kostnad på kr. 32.600,- eks mva per meter. Ut frå dagens kostnadsnivå, nye krav til gjennomføring og grunnundersøkingar grunna sjøfylling, har vi budsjettert med ein kostnad på kr 50.000,- eks mva per meter.

Kostnad:

Kjøp av grunn og div. andre kostnadar	Kr. 4 000 000
Ny veg og G/S veg m.m., Kr. 50.000,- x 700 =	Kr. 35 000 000
Samla prosjektkostnad eks. mva	<b><u>Kr 39 000 000</u></b>

*Framdrift*

Kvinnherad kommune har som mål at godkjent byggeplan føreligg i desember 2016, med godkjenning frå Statens vegvesen. Grunnforhandling med berørte grunneigarar er i gang og vil vera fullført i god tid før anleggstart. Prosjektet er planlagt utlyst i januar 2017 og med anleggstart mars 2017. Byggjetid 9 mnd. med ferdigstilling desember 2017.

*Finansiering:*

Sidan ein vesentleg del av overskots- steinmassar frå «Lundssvingane» er tenkt nytta til etablering av fylling for nytt kollektivknutepunkt i Rosendal, vert dei 2 prosjekta sett under eitt i høve til finansiering.

Etter møte med Hordaland fylkeskommune vil Hordaland fylkeskommune administrativt foreslå eit fylkeskommunalt bidrag på 10 mill kr i perioden 2017-18 til dei to prosjekta. Dette vil vera ein del av HFK sitt bidrag til Kvinnheradpakken. Kostnadsramme for prosjekta er som følgjer (inkludert mva):

<b>Finansiering:</b>	<b>Løyving i mill. NOK:</b>
Løyving frå Kvinnherad kommune	20,00
Kommunal forskotering i framtidig «Kvinnheradpakke»	10,00
Kompensasjonsmidlar (dokumentert ved tilsagnsbrev)	13,00
Fylkeskommunal løyving 2017/2018	10,00
Mva.	13,25
<b>SUM:</b>	<b>66,25</b>

Kvinnherad kommune er innforstått med at den kommunale forskoteringa er kommunen sin risiko. Om det ikkje skulle bli noko av Kvinnheradpakken, må kommunen finna anna finansiering/dekka dette sjølv.

Når bompengeselskapet har tatt opp lån/har fått inntekter, kan forskoteringa refunderast til kommunen. Forskoteringa er på vanlege vilkår utan kompensasjon for prisstigning og renter. Vidare må desse prosjekta ha høgast prioritet i bompengesøknaden om Kvinnheradpakken.

Med helsing

Sigbjørn Øye  
Sektorleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Odd Ivar Øvregård